

Villreinjakt

2017

M-798 | 2017

Setesdal Austhei



Ditt ansvar som jeger

Villreinjakt i Noreg har ein lang og sterk tradisjon. På kvar einskild jeger kviler det eit stort ansvar for at jakta skal skje på ein god og human måte. Ansvaret for jaktoppsynet ligg hjå Statens naturoppsyn og politiet, som samarbeider med villreinutvala og lokale oppsynsordningar. Dei viktigaste oppgåvene til oppsynet er å gje informasjon/rettleiing, og førebyggja uheldig jaktutøving.

Jaktutøving

Jakt og fangst skal utøves på slik måte at viltet ikke utsettes for unødige lidelser og slik at det ikke oppstår fare for mennesker eller husdyr eller skade på eiendom.

- Skrem ikkje dyra unødig.
- Skyt aldri på dyr i flokk. Skyt på dyr som står fritt. Hugs at dei fleste kaliber/kuler fører til gjennomskyting av villrein.
- Hugs sikker bakgrunn. Vatn, steinrøys og anna rikosjettgjevande terreng er ikkje sikker bakgrunn. Skyt aldri på dyr som står i silhuett.
- Skyt ikkje på lengre avstand enn du meistrar.
- Ikkje ta sjansar. Skyt helst på dyr som står i ro.
- Kontroller at våpen og siktemiddel til ei kvar tid er i orden.
- Legg aldri frå deg eit ladd våpen. Det er ein god regel å ta ut sluttstykke ved lagring på til dømes hytter. For at alle skal få ei god oppleving, er det og viktig å ta omsyn til andre jegerar og brukarar av fjellet.

Naudsynte papir du skal ha med under jakt

- godkjent skyteprøve og betalt jegeravgift
- våpenkort/utlånserklæring
- kontrollkort* med valdansvarleg og jeger sitt namn
- eventuell overgangs-/samjaktavtale
- eventuell jaktlagsavtale på statsallmenning

* kontrollkortet er å rekne som forskrift, les nøye på kortet om bruken av det.

All jakt krev god førebuing

Human jakt krev regelmessig skytetrening, for å gjera deg fortruleg med våpenet og sikre god og korrekt innskyting. Det er avgjerande at våpenet vert skote inn med same type ammunisjon som du nyttar under jakta.

Du kan t.d. skyta inn rifla på 100m, med middel-treffpunktet frå 4-7 cm over sentrum. Dette gjer at dei aller fleste normalkaliber (6,5x55, 308W, 30-06 osv.) kan nytta same siktepunkt på alle ansvarlege skyteavstandar på villreinjakt.

Du har ettersøksplikt og skal

- sjå på alle skot mot dyr som treff
- vurdere situasjonen nøye og ta det med ro dersom dyret ikkje fell etter at skudd er avfyrt
- merka deg staden du skaut fra og kvar dyret stod
- undersøka skotstad og sjå etter sporsteikn
- følgja etter dyret/flokken i rimelig strekning for å forvise deg om dyrets tilstand, sjølv om undersøkinga på skotstaden ikkje visar teikn til treff
- ikkje starta jakt på nye dyr før ettersøket er avslutta og varsla jaktrettshavar og kommunen eller næraste politi/ oppsyn i området, dersom pliktig ettersøk etter dyr er utan resultat

Dersom du oppdagar skadd eller sjuk rein

Ein kvar jeger som observerer eit skadd eller synleg sjukt dyr, skal så snart som råd melde frå om situasjonen til oppsynet. Dette gjeld og funn av døde dyr. Nøter koordinatar og ta bilde.

Er dyret skadd, må du vurdere om det skal avlivast for å hindra unødig liding. Dersom du har fellingsløyve på tilsvarande dyr, må du straks ta stilling til om dyret skal takast på din eigen kvote. Dersom ikkje, må du straks gjera opp dyret slik at kjøtet tek minst mogeleg skade. Ta kontakt med kommune og valdansvarleg (ev. kontakt oppsynet i området), og ikkje transportera slikt kjøt før løyve er gjeve.

Informasjon om skrantesjuka (CWD)

På <http://hjortevilt.no/skrantesjuka> finn du meir og oppdatert informasjon om CWD.

Her finn du også lenker til Mattilsynet og Veterinær-instituttet.

Informasjon om prøvetaking og innlevering i dei ulike villreinområda finn du på www.villrein.no/cwd



Kjeveinnsamling

I enkelte område er det innsamling av kjevar. Merkelappen til kjeve er frå og med 2017 felles for alle hjorteviltartar.

Der det er slik innsamling, kan oppsyn/villreinutval gje informasjon om innsamlingsstasjonar.

For å sikra gode data må du

- passe på at verken framtenner eller bakre del av kjeven er skadde
- reingjera og vaske kjeven best mogleg
- ikkje pakk kjeven i plast
- veg dyret, og fest utfylt merkelapp til kjeven



Kontaktinformasjon for SNO

Hardangervidda, Nordfjella, Setesdal/Ryfylke, Setesdal Austhei, Norefjell/Reinsjøfjell, Brattefjell/Vindeggen, Blefjell, Våmur/Roan, Fjellheimen, Lærdal/Årdal, Oksenhalvøya:
Oppsynssentralen Skinnarbu 815 32 450
(kl 08.00-19.00)

Forollhogna, Tolga Østfjell:

Erik Ydse: 480 51 578
Berit Broen: 476 57 803

Reinheimen-Breheimen:

Per Olav Haugen: 970 57 213
Esben Bø: 957 22 733
Øyvind Angard: 917 33 365
Thomas Rødstøl: 915 47 617

Skaulen/Etnefjella:

Reidar Johan Sandal: 908 77 844

Sunnfjord, Svartebotnen, Førdefjella, Vest-Jotunheimen:

Esben Bø: 957 22 733
Rigmor Solem: 959 65 158

Snøhetta, Knutshø, Rondane, Sølnekletten:

Arne J. Mortensen: 480 73 752
Finn Bjormyr: 481 13 674
Ola Eirik Bolme: 948 17 988

Statens naturoppsyn

Telefon: 03400/73 58 05 00 | **Faks:** 73 58 05 01

E-post: post@naturoppsyn.no

Nett: www.naturoppsyn.no

Post: Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøksadresse: Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

Setesdal Austhei villreinutval

www.savl.no

Leiar: Svein Ekre 958 90 310

Sekretær: Torleif Homme 901 01 955

Avskytingsplan 2017: Med bakgrunn i fleire teljingar er stamma på Setesdal Austhei vurdert til å vere ca. 7-800 dyr og med dette som grunnlag er det vedteke ein avskytingsplan for 2017 på totalt 300 fellingsløyver - 15% frie dyr, 25% simle/ungdyr, 20% simle og 40% kalv. Det er i 2017 likt minsteareal i alle kommunane - ca. 8km²/dyr.

Jaktperiode: 20.08-30.09

Samjakt: Det er inngått samjaktavtale for alle jaktvald i Vinje og Tokke. Samjaktavtalen er gjeldande frå 01.09 og ut jaktperioden. Det er også samjaktavtale i Fyresdal. Spørsmål/informasjon vedr. desse avtalane, kontakt leiar i SAVL, Svein Ekre. Det er ikkje inngått samjaktavtalar for andre områder.

Kontrollkort: Kontrollkortet må vere påført navn på valdansvarleg og jeger før jakta tar til. Alle kontrollkort - også dei som ikkje er nytta - skal leverast tilbake til valdansvarleg/grunneigar rett etter jakta og seinast 05.10.

Innsamling av kjevar: Med bakgrunn i den låge fellingskvota er det i år ikkje innsamling av kjevar.



Folderen er utarbeidd i samarbeid med Norsk villreinsenter Sør